

## Kystpilegrimsleia. Møte i den utvida arbeidsgruppa i Bergen, 2. og 3. mai 2016

### 1. Føremål

Møtet sitt føremål er å kome så langt det er råd med å utforme eit oppdrag basert på kva prosjektet skal levere fram til prosjektavslutning. Utforma oppdrag vil danne grunnlag for anbodskonkurranse på prosjektleiing og vere med på å leggje grunnlaget for kva prosjektleiinga skal rapportere på.

### 2. Rapportering

Møte må kome med forslag om intervall på rapporteringa (kvartalsvis, halvår osv.). Arbeidet med utforminga av oppdraget vil langt på veg bestemme korleis rapporteringa (framdrift på tid og økonomisk forbruk pr. tidsperiode pr. hovudaktivitet) skal verte sjåande ut. Eg vi difor tilrå at vi utset å ta stilling til det, før vi har kome vidare i oppdragsutforminga.

#### Rapporteringsliner på prosjektframdrift/oppfølging av leverandør

Innkjøpsprosessen vil, jf. vedtak i styringsgruppa, verte administrert av Hordaland fylkeskommune (HFK). HFK vil også teikne kontrakt med føretrekt leverandør på vegne av prosjekteigarane.

Sogn og Fjordane står som koordineringsansvarleg i prosjektet, medan alle fylkeskommunane er prosjekteigarar.

I møte i styringsgruppa 22. april vart det vedteke:

*Den utvida arbeidsgruppa skal vere eit saksførebuande organ for styringsgruppa, og i den fasen prosjektet no går inn i, vil den utvida arbeidsgruppa ha viktige oppgåver i utviklinga av eit oppdrag/bestilling i tilknytning til kjøp av tenester, jf. vedtak i styringsgruppa 02.03.2016. Prosjektgruppa vil ha oppgåver i samband med oppfølging og rapportering.*

*Som ei serskilt oppgåve, vil prosjektgruppa ha eit fagleg ansvar for å sikre det kultur – og kyrkjehistoriske innhaldet i prosjektet.*

*I tråd med dei samarbeidsavtaler som ligg til grunn for fylka sine engasjement i Kystpilegrimsleia, skal Sogn og Fjordane koordinere arbeidet i den utvida arbeidsgruppa.*

Forslag til vedtak:

**Leverandør av prosjektleiing rapporterer til Hordaland fylkeskommune, som sender dette vidare til Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK). SFFK ved fylkeskonservator kallar inn til møte og legg arbeidet til rette for den utvida arbeidsgruppa slik at gruppa vert sett best mogeleg i stand til å gjennomføre funksjonane sine, jf. tidlegare vedtak i styringsgruppa.**

### 3. Utforminga av oppdraget/bestillinga

Alle aktivitetar i prosjektet vert delt inn i hovudsaktivitetar (HA) og underaktivitetar (UA). For å gjere arbeidet med dette lettare, har vi utvikla følgjande skjema:

Hovudaktivitet HA	Underaktivitet UA	Tidslengd Oppstart Slutt	Ansvar	Kommentar
<p>HA1 : Ny prosjekt-oppstart med forslag til framdriftsplan</p> <p><b>Vedteke framdriftsplan vil danne grunnlaget for fastsetting av tidsfristar for HA 2 – HA9</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gje tilgang til all informasjon, og utarbeidd material frå fase 1 av prosjektet</li> <li>- Ta utgangspunktet i styringsgruppa sitt vedtak på prioriteringar av destinasjonar og kommunisere dette</li> <li>- Introdusere ny prosjektleiing og sende informasjon til/etablere kontakt med alle kommunar/kontaktpersonar</li> <li>- Rapportere til Hordaland som sender informasjonen vidare til SFFK. SFFK kallar inn og koordinerer møte i den utvida arbeidsgruppa</li> </ul>	Innan 2 månader frå 29.8	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeidsgruppa</li> <li>- Arbeidsgruppa i første omgang, deretter leverandør</li> <li>- På grunnlag av tilbakemelding frå arbeidsgruppa tek leverandør ansvaret for det</li> <li>- Leverandør</li> </ul>	Fylkeskommunane kan delta innleiingsvis
HA 2: Engasjere kommersielle aktørar (t.d. overnatting, servering, transport )	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Partnersøk/etablere bedriftsnettverk</li> <li>- Definere kriteria for deltaking</li> </ul>	I tråd med framdriftsplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leverandør</li> <li>- Leverandør</li> </ul>	
HA 3: Involvere ikkje-kommersielle aktørar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rådgeving i høve til kommunane</li> <li>- Engasjere og aktivisere kyrkja</li> <li>- Engasjere og aktivisere frivillige organisasjonar</li> <li>- Aktivisere nettverket av nausteigarar</li> </ul>	I tråd med framdriftsplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leverandør /Arbeidsgruppa deltek ved behov</li> <li>- Bispedøme , felles – og sokneråd</li> <li>- Leverandør engasjerer friluftsråda, Forbundet Kysten</li> </ul>	

			- Leverandør	
HA 4: Produkt- utvikling Basert på engasjement i HA2	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Partnersøk, aktivering i nettverk, innafor overnatting, kortreist mat, servering, opne kyrkjer, opplevingar og attraksjonar, transport og gjestehamnar</li> </ul>	I tråd med framdriftspan	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leverandør</li> </ul>	
HA 5: Pakketering	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etappeutvikling</li> <li>- Analysere tilgjenge/transport</li> <li>- Gjennomføre etappesamlingar</li> </ul>	I tråd med framdriftspan	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leverandør</li> <li>- Leverandør</li> <li>- Leverandør</li> </ul>	
-HA 6: Marknads- arbeid og utvikling av Kystpilegrims konseptet	<p><i>Følgjande arbeid vert utført i samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter og prosjekteigarar:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utvikling av logo for Kystpilegrimsleia og eventuelle produkt som kan knytast til pilegrimsreisene (pilegrimsmerkje). Det skal vere ein heilskapleg grafisk profil til produkt som knyt seg til Kystpilegrimsleia.</i></li> <li>• <i>Utvikling av ein eigen brosjyre for heile Kystpilegrimsleia.</i></li> <li>• <i>Utvikling av pilegrimspass og stempel med tilhørande forslag til kriterie. Det er viktig at vi også er i god dialog med Nidaros Pilegrimsgård som mottak for pilegrimar.</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Digital informasjon tilgjengeleg via app</i></li> </ul> </li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Digital informasjon: Om staden Åtkomst Overnatting Rasteplassar «Ikkje gå glipp av» Opne kyrkjer Forslag til turen vidare Andre opplevingar</li> </ul>	I tråd med framdriftspan	Leverandør i samråd med NPS og prosjekteigarane	

HA 7: Sal	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontakte turoperatører</li> <li>- Arrangere visningstur for pressa</li> <li>- Kontakte transportselskap for etablering av tilbud for pilegrimsreisande</li> <li>- Ta i bruk etablerte salskanalar innan reiseliv (Fjord Norge)</li> </ul>	I tråd med framdriftsplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leverandør</li> <li>- Leverandør</li> <li>- Leverandør</li> <li>- Leverandør</li> </ul>	
HA 8: Prosjekt-avslutning	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fylkeskommunal tilråding i høve godkjenning av lei</li> <li>- Godkjenning av KPL</li> </ul>	I tråd med framdriftsplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ulike deltakrar: Sikring av driftsfase</li> <li>- NPS: Overordna ansvar etter prosjekt-slutt</li> </ul>	
HA 9: Prosjektstyring/Administrasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Økonomi</li> <li>b) Rapportering</li> <li>c) Styringsgruppa og arbeidsgruppa</li> </ul>	Rapportering kvar 3. måned i prosjektperioden	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) SFFK</li> <li>b) Frå leverandør til HFK som sender vidare til SFFK. Vidare prosjektkoordinering/SFFK</li> <li>c) Koordinering ved SFFK</li> </ul>	

Forkortingar:

KPL = Kystpilegrimsleia, SFFK = Sogn og Fjordane fylkeskommune, NPS = Nasjonalt Pilegrimssenter